

SALSOPPGÅVE

Jostedalsvegen 1679, 6871 Jostedal



Einebustad med stort potensiale

Einebustad i Jostedalen på Myklemyr

Prisantydning: kr 350 000,-

Byggjeår: Oppført på anna tomt i 1894, flytta til gnr. 186 bnr. 16 i 1954.

Areal (gnr. 186, bnr. 16): 84 m²

BRA : 73 m²

Bruksareal utvendig bod/uthus: 11 m²

Advokatfirmaet Tollefsen AS

Kontoradresser: Parkvegen 5, Sogndal
Fjellvegen 9, Førde

Postadresse: Postboks 25, 6851 Sogndal

Telefon: +47 57 62 88 50

E-post: post@advokat-tollefsen.no

Nettside: www.advokat-tollefsen.no

Org.nr.: 912 160 068

Tilsluttet Eurojuris Norge

ISO-sertifisert NS-EN ISO 9001:2015





Salsoppgåve, utarbeida 08.05.2023
Gnr. 186, bnr. 16 i Luster kommune

















Kart over eigedom gnr. 186, bnr. 16:



Kart over eigedom gnr. 186. bnr. 16:



Kart over eigedom gnr. 186 bnr. 16:



Eigedommen sitt registernamn og adresse

| | |
|-----------------|--|
| Salstype: | Tvangssal vedtatt av Sogn og Fjordane tingrett, sak nr. 22-135178TVA-TSOF/TFOR, med advokat Silje Flugheim Heggstad oppnemnt som medhjelpar. |
| Nemning: | Gnr. 186, bnr. 16 (utbygd eigedom) i Luster kommune. |
| Adresse: | Jostedalsvegen 1679, 6871 Jostedal. |
| Kort skildring: | Einebustad med tilhøyrande utvendig bod. Bustaden er vurdert som eit renoveringsobjekt. |

Einebustad:

Bustaden har ein etasje med soverom, stove, kjøkken, bad, gang og yttergang. På loftet er det ein gang, to soverom og to bodar. Det er også ein mindre krypkjellar med luke ned frå stova.

Det er grunnmur i anteke naturstein med betongforblending. Over fundament ligg det trebjelkelag.

Eigedomen har privat VA-anlegg. Eigdommen har vassforsyning frå eigen brønn på eigdommen/i området. Det er ukjent kvar vassforsyninga kjem frå. Det er septiktank i tunet med antatt avrenning i grunn.

Det er tilkomst frå fylkesvegen, men tilkomsten er ikkje eigna for bilar. Det er også opparbeida tilkomst til bustaden via granneeigedom, men det føreligg ingen avtale om bruken.

Det blir vidare vist til verditakst side 8 under «Bygninger på eiendommen»: Bustaden framstår med forventet slitasje ut frå byggjeår og bruk. Det er utført noko utskifting og oppgradering etter 1954. Skal ein oppnå dagens bustadstandard må ein pårekna omfattande arbeid med oppgradering og reparasjon.

Utvendig bod/uthus på eigdommen:

Det er ukjent kva for årstal bygget vart oppført. Det er ein enkel trekonstruksjon oppført på betongfundament og pulttak tekka med bølgeblekk. Det er noko skade m.a. på kledning.

Det er tilkomst via paneldør. Uthuset har redusert etasjehøgde. Det opplyste arealet er golvareal.

Plassering: Eigdommen ligg i eit jordbruksområde med spreidd busetnad i Jostedalen på Myklemyr. Eigdommen ligg like ved fylkesvegen. Det er ca. 16 km. til Gaupne.

Parkering: Parkeringsmogelegheiter utanfor bustaden/utvendig bod.

Tinglyste plikter

Hefte og servituttar: Det blir vist til vedlagt utskrift frå eigedomsregisteret.
Registrerte pengehefte er sensurert av omsyn til personopplysningsvern og vil bli sletta ved overdraging, med unntak av dei tilfelle der kjøpar skal overta nokon av desse. Kjøpar vil i desse tilfella bli gjort særskilt merksam på om, og eventuelt kva,

hefter dette gjeld.
Hefte som kjøper overtek er:

| | |
|---------------------------------|---|
| 1923/900095-1/53 14.06.1923 | RETTIGHET RETTIGHETSHAVER: JOSTEDAL SKYTTARLAG LØPENR: 5366208 LEIEAVTALE LEIE-TID: 60 ÅR ÅRLIG AVGIFT NOK 15 GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE |
| 1985/3067-1/53 30.10.1985 | ERKLÆRING/AVTALE Vedtak av det offentliges vilkår for statstilskudd i forbindelse med senking/lukking av grøft/bekk/kanal/elv GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE |
| 1991/2469-1/53 14.10.1991 | SKJØNN Gulathing lagmannsrett sitt overskjønn 20.4.91 i sakene B 53/86, B 45/87 og B 1/90. GJELDER DENNE REGISTERENHETEN MED FLERE |
| 1998/1783-1/53 28.08.1998 | ** DIVERSE PÅTEGNING Statskraftverkene sine rettar ifølgje skjønnet er transportert til STATKRAFT SF 962986277 |
| 2005/109091-1/200 05.07.2005 | ** DIVERSE PÅTEGNING Statkraft SF sine rettar transportert til Statkraft Energi AS 987059729 |

Grunnareal

Tomta: Gnr. 186, bnr. 16: 297,9 m²

Bygningar sitt areal og opplysning om alder og byggjemåte

Sjå vedlagt takst: Verditakst datert 07.02.2023 **vedlegg 1.**

Sum alle bygningar:

Bruksareal (Bra) 84 m²

Primærom (P-rom) 70 m²

Ferdigattest eller midlertidig bruksløyve

Ferdigattest: Det føreligg ikkje ferdigattest.

Offentlege planar, konsesjonsplikt og odelsrett

Reguleringsplanar: Eigedommen ligg ikkje i regulert område. I kommuneplanen ligg eigedommen inne med bustadføremaal, sjå kommuneplan-id 2018006. Det er ikkje kjent at det eksisterer planforslag som vedkjem eigedommen eller at det er igangsett planlegging som vedkjem eigedommen.

Konsesjonsplikt: Det er ikkje konsesjonsplikt.

Odelsrett: Det føreligg ikkje odelsrett på eigedommen.

Likningsverdi og offentlege avgifter

Formueverdi:

| | |
|--------------------------------------|------------|
| Primærbustad (25% av verditakst) : | 87 500 kr |
| Sekundærbustad (90% av verditakst) : | 315 000 kr |

Offentlege
avgifter:

| | |
|--------------------------|-----------------|
| Eigedomsskatt: | Ikkje oppgitt |
| Brannsyn, feiing: | 600,00 kr u/mva |
| Tilsyn avlaupsanlegg: | Ikkje oppgitt |

Faste kostnader

| | |
|-----------------------|---------------|
| Årlege | Ikkje opplyst |
| straumutgifter: | Ikkje opplyst |
| Årlege utgifter anna: | Ikkje opplyst |

Prisantying og totalkostnad

| | |
|---|------------|
| Prisantying | 350 000 kr |
| Dokumentavgift – 2,5 % | 8750 kr* |
| Tinglysing skøyte | 585 kr |
| Tinglysingsgebyr panterett (kr. 585 pr. dokument) | 585 kr |

Totalkostnad ved sal for prisantying: 359 920 kr

*Storleiken på dokumentavgifta vil endrast ut frå kjøpesummen. Det vert teke atterhald om endring i tinglysingsattsar.

Kjøpesum skal innbetalast frå kjøpar sin konti i norsk finansinstitusjon.

I tillegg dekkjer kjøpar andre kostnader i samband med overtaking, t.d. rydding og utvask.

Fråviking: Eventuelle kostnader med fråviking av eigedomen vert dekkja av kjøpar. Det er sjeldan slik fråviking blir naudsynt.

Medhjelpar sitt vederlag

Provisjon: Medhjelpar sitt honorar blir dekket forlods av innbetalt kjøpesum, i medhold av forskrift om tvangssal ved medhjelpar av 12.4.1992, § 3-3:

”§3-3. Godtgjørelse ved tvangssalg av fast eiendom og adkomstdokumenter til leierett til bolig

Ved gjennomføring av tvangssalg av fast eiendom etter tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 11 eller adkomstdokumenter til leierett til bolig etter tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 12 har medhjelperen krav på godtgjørelse etter følgende satser:

*3 % av kjøpesummen til og med kr 500.000,
2 % av det overskytende til og med kr 1.000.000 og
1 % av det overskytende til og med kr 3.000.000.*

Godtgjørelsen skal likevel minst være lik 10 ganger rettsgebyret.

Dersom kjøpesummen kan antas å overstige kr 3.000.000, kan første ledd fravikes ved avtale mellom retten og medhjelperen inntil utkastet til fordelingskjennelse er forelagt for rettighetshaverne.

Dersom medhjelperen skal motta og utbetale kjøpesummen, gis et tillegg i godtgjørelsen på 5 ganger rettsgebyret.

I forhold til første og tredje ledd anvendes rettsgebyret på det tidspunkt utkastet til fordelingskjennelse forelegges for rettighetshaverne.”

Kjøper skal såleis ikkje dekke medhjelpar sine omkostningar.

Diverse

Ledig: Overdraging og oppgjør skal normalt skje 3 mnd. etter at medhjelpar har førelagt bodet for Sogn og Fjordane tingrett og rettshavarane. Sogn og Fjordane tingrett må då stadfesta bodet. Sjå vedlegg nedanfor.

Visning: 30. mai 2023, kl. 15.00 – 16.00. Hugs påmelding! Visning utan påmelding vert avlyst.

Merknader: Generelt blir det anbefalt at interessentar gjennomfører ei synfaring på eigedommen saman med bygningskyndig person.

Det er føretatt ein verditakst som inneheld informasjon om salsobjektet, jf. tvangsfullbyrdingslova § 11-24, første ledd, første punktum. Det vert presisert at dei nye reglane om tilstandsrapport som går fram av forskrift 08.06.2021 nr. 1850 til avhendingslova ikkje gjeld direkte ved tvangssal etter tvangsfullbyrdingslova.

Eigenerklæring frå eigar vert ikkje fylt ut ved tvangssal. Dette er eit avvik frå NS 3600. Kjøpar må leggje til grunn lågaste energimerking.

Det blir vist til vedlagt takstrapport, som bør gjennomgåast grundig.

Det er ikkje mogleg å teikna eigarskifteforsikring på eigedommar som blir selde på tvangssal.

Salsvilkår

Bodgjeving:

På visninga er det mogleg å skriva seg på ei interesseliste. Ein er sjølv ansvarleg for å vera tilgjengeleg på den oppgitte kontaktinformasjon. Dersom medhjelpar ikkje når fram ved første forsøk, kan medhjelpar ikkje garantere at det vert gjort ytterlegare forsøk på å nå potensiell kjøpar.

Første bod må gjevast skriftleg på bodskjema, samt at tillegg 1 og skjema "Legitimasjon av bodgivar" må sendast inn saman med bodskjema. Dersom dokumenta ved bodgjeving blir oversendt pr. e-post eller MMS, må kopi av den gyldige legitimasjon vera klar og leseleg. Gyldig legitimasjon er til dømes gyldig pass og norsk førarkort.

Seinare bod frå same bodgivar må framsetjast skriftleg i form av e-post eller SMS. Bodgjevar vil motta skriftleg stadfesting frå medhjelpar om at bod er motteke.

Bodgjevar må fylla ut namn og telefonnummer på kontaktperson i bank som kan stadfeste finansiering av bodsummen. Dette skal fyllast inn i bodskjemaet.

Vær merksam på at ein finansieringsplan ikkje er eit finansieringsforbehold. Dersom det syner seg at ein bodgjevar ikkje kan ordna med finansiering, er bod gitt i konkurranse med denne bodgjevaren like fullt bindande.

På oppmoding frå medhjelpar må finansiering av overbod umiddelbart kunna dokumenterast.

Bindingsfrist for bod er minimum 6 veker.
Dette gjeld også frå tidspunkt der ein aukar bodet.

For å være garantert å bli kontakta ved bodauke, må ein sjølv ha hatt høgaste bod på bustaden.

Ved ein eventuell bodrunde kan medhjelpar setta ein frist for tilbakemelding av bod som han vil ta i betraktning. Dersom andre interessentar ikkje byr over høgaste bod innan ein slik frist, kan medhjelpar såleis avslutta bodrunden, og deretter nekta å ta omsyn til høgare bod.

Når medhjelpar har motteke eitt eller fleire bod som bør bli godteke, skal han straks førelegga boda for saksøkjaren med spørsmål om saksøklar vil krevje bodet stadfesta.

Det blir presisert at siste bod frå bodgjevar som har det høgaste bodet, vil bli stadfesta, og det må stadfestast på bodskjema og leverast/sendast til medhjelpar i original.

Kopi av bodjournalen skal gjevast til kjøpar utan ugrunna opphald etter at handel er kome i stand. Eventuelle rettingar i bodjournalen, jf. § 3-1, skal framkoma tydeleg av slik kopi.

Bodgjevaren sin identitet i bodjournalen skal ikkje nyttast til anna enn å ivareta partane sine interesser i handelen.

Etter at handelen er komen i stand, eller dersom ein

bodrunde blir avslutta utan at handel er komen i stand, kan den som har lagt inn bod på eigedommen krevje kopi av bodjournalen i anonymisert form.

Blancoskøyte blir ikkje utsteda.

Alle bod er binande for bodgjevar, unntatt:

Eit bod er ikkje bindande for bodgjevar når det følgjer av alminnelege avtalerettslege reglar at bodgjevaren er ubunden. Stadfestar rettar eit bod, vil samtlege andre bodgjevarar bli løyst frå sine bod. Nektar retten ved orskurd å stadfesta nokon bod, vert samtlege bodgjevarar løyst frå sine bod.

Det er retten som tek endeleg stilling til boda.

Manglar:

Eigedommen blir seld som den er, og ved tvangssal har kjøperen avgrensa tilgang til å gjera gjeldande manglar. Lov om avhending av fast eigedom (avhendingslova) gjeld ikkje. Det blir nemnt at det ved tvangssal ikkje er høve til å heva kjøpet, og at kjøpesummen skal betalast sjølv om prisavslag blir kravd.

Det blir difor framheva at det er særskilt viktig at kjøpar gjer forundersøkingar, t.d. at eigedommen blir undersøkt grundig før det blir gitt bod.

Ettersom dette er eit tvangssal, kan medhjelpar ikkje stå inne for at lausøyre og tilbehøyr som etter hovudregelen skal følgja eigedommen og som er tilstades på visningstidspunktet, vil vere tilstades på overtakingstidspunktet. Kjøpar bør såleis leggja til grunn at det ved overtaking heilt eller delvis vil mangla lausøyre eller tilbehøyr som etter hovudregelen skal følgja eigedommen. Eventuelt manglande lausøyre og tilbehøyr kan ikkje gjerast gjeldande som ein mangel.

Det vert presisert at for det tilfelle at eigedomen ikkje er rydda og vaska ved overtaking, så er dette kjøpar sitt ansvar å syte føre og betale, og det kan ikkje gjerast gjeldande som ein mangel.

På generelt grunnlag kan det opplysast at kjøpar ofte ikkje vil motta alle nøklar for eigedommen. Dette kan

ikkje gjerast gjeldande som ein mangel.

Kjøper kan ikkje gjera gjeldande at det føreligg mangelfulle opplysningar om forhold som kan avdekkast ved ein gjennomgang av saken sine fullstendige dokumenter.

Salsoppgåva er basert på eventuelle opplysningar frå offentlege myndigheiter og vedlagd verditakst datert 07.02.2023.

Medhjelpar innestår ikkje for riktighet og fullstendigheit av opplysningar gitt av, takstmann, offentlege organ eller andre. Like fullt har medhjelpar vidareformidla slik informasjon.

Informasjon om bustadareal byggjer på verditakst, og skal være angitt i samsvar med målereglane i NS 3451 og NS 3490 og retningslinjer for arealmåling utarbeida av NTF og NEF utan omsyn til byggeforskriftene sitt krav til rom. Romma sine bruk kan være i strid med byggeforskriftene sjølv om dei er måleverdige etter NS 3490. Rom kan være omtalt ut frå aktuell bruk utan at romma tilfredsstillar forskriftsmessige krav i forhold til den oppgitte type rom. Eksempelvis kan eit rom være oppgitt som "soverom" utan at det tilfredsstillar krav til volum, skaplass, rømmingsveg, takhøgde og liknande.

Medhjelpar har uprøvd lagt til grunn takstmannen sin arealgjevnad. Det er såleis ikkje føreteke kontroll av verditaksten sine arealmålingar eller berekningsgrunnlaget for slike. Medhjelpar kan ikkje haldast ansvarleg ved arealavvik.

Eigedommen blir overdratt fri for pengehefte unnateke dei som kjøpar skal overta jf. framfor, og overta eventuelle andre tinglyste hefte som måtte kvila på eigedommen, jf. vedlagde grunnboksutskrift.

Kjøper blir gjort merksam på at det kan føreliggja eventuelle utinglyste pliktar og ikkje endelege offentlege planar som ikkje har framkome av medhjelpar sine eigne undersøkingar.

Medhjelpar har ikkje undersøkt om det er føreteke innvendige ombyggingar, eller om eventuelle ombygging krev godkjenning, og om godkjenninga evt. kan være gitt. Medhjelpar har ikkje undersøkt riktighet av eventuelle framlagde teikningar, og kan ikkje haldast ansvarleg for evt. avvik i forhold til teikningar.

Kjøpar blir oppfordra særskilt til å undersøka bustaden sin tekniske tilstand samen med fagkyndige. Kjøpar blir oppfordra til å kontrollere alle opplysningar om eigedommen samt reguleringa for området.

Eventuelle spørsmål i høve bodgjeving m.m. kan rettast til medhjelpar.

Medhjelper: Advokat Silje Flugheim Heggstad

Parkveien 5, Pb 25,

6851 Sogndal

E-post: silje@advokat-tollefsen.no

Mobiltelefon: 916 44 035

Telefon sentralbord: 57 62 88 50



Vedlegg:

1. Verditakst, datert 07.02.23
2. Grunnbokutskrift gnr. 186 bnr. 16
3. Matrikkelutskrift gnr. 186 bnr. 16, datert 31.03.23
4. Kart over gnr. 186 bnr. 16.
5. Bodskjema
6. Tillegg til salsoppgåve og bodskjema
7. Skjema for legitimasjon av bodgivar

Utan ansvar for moglege feil.

Verditakst

📍 Jostedalsvegen 1679, 6871 JOSTEDAL

📖 LUSTER kommune

gnr. 186, bnr. 16

Markedsverdi

350 000

Areal (BRA): Enebolig 73 m², Bod 11 m²



Befaringsdato: 30.01.2023

Rapportdato: 07.02.2023

Oppdragsnr.: 18920-1113

Referansenummer: XS1988

Autorisert foretak: Bygg og Taksering AS

Sertifisert Takstingeniør: Aslak Randmo



Gyldig rapport
07.02.2023

Rapporten kan kun utarbeides av medlemsforetak autorisert av Norsk takst

Norsk takst

Norsk takst er bransjeorganisasjonen for landets bygningssakkyndige og takstforetak, med om lag 1400 sertifiserte medlemmer fordelt på omtrent 1000 bedrifter. I boligomsetningen regnes takstrapportene som et helt avgjørende element i den informasjonen som gjøres tilgjengelig for kjøper. Årlig leverer medlemmene rundt 120.000 slike takster. Det gir unik oversikt over norske boliger, og bidrar til at alle oppdrag kan utføres med utgangspunkt i erfaringsbasert kvalitet.

Det stilles høye krav til utdanning, sertifisering og yrkesetikk. Norsk takst er opptatt av at boligomsetningen skal være trygg, og legger vekt på å opptre uavhengig av andre bransjeaktører. Bygningssakkyndige fakturerer sine tjenester uten hensyn til hvilken pris som oppnås, og skal heller ikke på annen måte ha noen egeninteresse knyttet til handelen.

Uavhengighet og god fagkunnskap har over tid bygget troverdighet og tillit. Både selger og kjøper skal kunne stole på bygningssakkyndiges vurderinger. For tilfeller der det likevel skulle oppstå misnøye med utført arbeid, har vi sammen med Forbrukerrådet etablert en klagenemnd.

Norsk takst har en sentral rolle i utviklingen av norske standarder, regler og profesjonsprinsipper, og representerer bransjen i alle relevante internasjonale fora. Dette sikrer at norske bygningssakkyndige tidlig kan tilpasse seg krav og bransjetrender fra utlandet, samtidig som takseringsfaget får en norsk stemme på verdensbasis. Organisasjonen bidrar i næringspolitisk sammenheng, og har vært en pådriver for å sikre at lover og regler gir trygghet for forbrukerne i boligomsetningen.

Bygg og Taksering AS

Aslak Randmo
Uavhengig Takstingeniør
07.02.2023 | SOGNDAL

Bygg og Taksering AS
Postboks 176
971 60 936

Rapportansvarlig
Aslak Randmo
Uavhengig Takstingeniør
asrandmo@online.no
971 60 936

Konklusjon og markedsvurdering

Formål med takseringen: Tvangssalg/konkurssalg

Hovedbyggets bruksareal/P-ROM

73 m²/70 m²

Enebolig: 3 Soverom, Stue, Kjøkken, Bad, 2 Gang, Yttergang, 2 Bod

Andre bygg: Bod

Bruksareal andre bygg: 11 m²

Detaljert oppstilling over areal finnes i rapporten.

Markedsverdi

Kr 350 000

Markedsverdi er en vurdering av hva verdien er i det åpne boligmarkedet på vurderingstidspunktet.

Les mer om markedsverdi på siste side i rapporten.

Teknisk verdi bygninger, med tomteverdi

Kr 410 000

Teknisk verdi er kostnaden med å oppføre et tilsvarende bygg i henhold til dagens lovverk, med fradrag for utidsmessighet, elde, vedlikeholdsmangler, gjenstående arbeider, tilstand/ svekkelser og forskriftsmangler.

Les mer om teknisk verdi på siste side i rapporten.

Markedsverdi

350 000

Konklusjon markedsverdi

350 000

Markedsvurdering

Mindre bustadhus som ligg på frådelt tomt like ved fylkesvegen i Jostedalen på Myklemyr. Bygningen vart opprinneleg oppført på anna tomt i 1894 og flytta hit i 1954 er et opplyst.

Det er gjort noko utskifting og oppgradering etter den tid. I tillegg til bustaden er det eit mindre uthus på eigedommen. Eigedommen har tilkomst frå fylkesvegen, denne er noko smal og lite eigna for bilbruk. Det er opparbeida ny tilkomst, denne går via granneeigedommen, det føreligg ikkje skriftleg avtale om bruk.

Bygningen sin tekniske standard stettar ikkje dagens tekniske krav. Det er reg. fuktskade på våtrom. Fundament går utanfor vegglivet noko som kan føra til inntrenging av fukt i overgang mot grunnmur.

Generelt er bygningen sliten både ute og inne. Skal ein oppnå dagens bustadstandard må ein pårekna omfattande arbeid med oppgradering og reparasjon.

Det er privat VA anlegg. Ukjent kvar vassforsyninga kjem frå. Septiktank i tunet med antatt avrenning i grunn.

Sammenlignbare salg

| EIENDOM | SALGSDATO | PRISANT | PRIS | FELLESgj. | TOTALPRIS | M ² PRIS |
|--|------------|-----------|------------------|-----------|-----------|---------------------|
| 1 Jostedalsvegen 2191 ,6871 JOSTEDAL 97 m ² 1962 3 sov | 11-02-2019 | 1 750 000 | 1 700 000 | 0 | 1 700 000 | 17 526 |
| 2 Bringebyggene 47 ,6872 LUSTER 106 m ² 1950 6 sov | | 1 500 000 | 1 500 000 | 0 | 1 500 000 | 14 151 |
| 3 Veitastrondsvegen 1641 ,6878 VEITASTROND 107 m ² 1948 3 sov | 10-07-2019 | 1 350 000 | 1 350 000 | 0 | 1 350 000 | 12 617 |
| 4 Veitastrondsvegen 2283 ,6878 VEITASTROND 145 m ² 1981 3 sov | 19-01-2023 | 1 650 000 | 1 350 000 | 0 | 1 350 000 | 9 310 |
| 5 Dalsdalen 469 ,6872 LUSTER 79 m ² 1964 3 sov | 17-10-2019 | 400 000 | 450 000 | 0 | 450 000 | 5 696 |
| 6 Jostedalsvegen 1679 ,6871 JOSTEDAL 71 m ² 1898 3 sov | 01-10-2021 | 450 000 | 310 000 | 0 | 310 000 | 4 366 |

Om sammenlignbare salg

Utvalget er i utgangspunktet basert på likhetskriterier i forhold til den takserte boligen, men merk at det likevel kan være betydelige forskjeller i eksempel byggeår, arealer, soverom, beliggenhet, solforhold, utsyn mm. I tillegg vil det også kunne være store forskjeller i teknisk standard på de sammenlignbare boligene. Utvalget vil også kunne inneholde omsetningspriser som går vesentlig tilbake i tid. De ovennevnte forskjeller vil derfor være vurdert av takstmann og korrigert for i fastsettelsen basert på en skjønnsmessig vurdering av markedsverdi.

Beregninger

Teknisk verdi bygninger

Enebolig

| | | |
|--|------------|----------------|
| Normale byggekostnader (utregnet som for nybygg) | Kr. | 3 200 000 |
| Fradrag (utidsmessighet, elde, vedlikeholdsmangler, gjenstående arbeider, svekkelser og forskriftsmangler) | Kr. | - 2 900 000 |
| Sum teknisk verdi - Enebolig | Kr. | 300 000 |

Bod

| | | |
|--|------------|---------------|
| Normale byggekostnader (utregnet som for nybygg) | Kr. | 90 000 |
| Fradrag (utidsmessighet, elde, vedlikeholdsmangler, gjenstående arbeider, svekkelser og forskriftsmangler) | Kr. | - 80 000 |
| Sum teknisk verdi - Bod | Kr. | 10 000 |

Sum teknisk verdi bygninger

Kr. 310 000

Tomteverdi

Tomteverdi er en beregnet verdi for tomten slik den fremstår på befaringstidspunktet. Tomteverdien består av normal tomtekostnad i det aktuelle området og en vurdert verdi for beliggenhet. Normal tomtekostnad fremkommer ved å beregne teknisk verdi for råtomt, infrastruktur på tomten samt opparbeiding / beplantning, arrondering av terrenget og markedstilpasning for beliggenhet.

| | | |
|----------------------------|------------|----------------|
| Normal tomteverdi | Kr. | 100 000 |
| Beregnet tomteverdi | Kr. | 100 000 |

Tomteverdi og teknisk verdi bygninger

| | | |
|--|------------|----------------|
| Tomteverdi og teknisk verdi bygninger for det aktuelle takstobjektet (Avrundet) | Kr. | 410 000 |
|--|------------|----------------|

Arealer

Enebolig

| Etasje | Bruksareal BRA m ² | | | | |
|------------|-------------------------------|-----------|----------|---|-----------------------|
| | Totalt | P-ROM | S-ROM | Primærareal (P-ROM) | Sekundærareal (S-ROM) |
| Etasje | 48 | 48 | 0 | Soverom , Stue , Kjøkken , Bad , Gang , Yttergang | |
| Loft | 25 | 22 | 3 | Gang , Soverom , Soverom 2 | Bod , Bod 2 |
| Sum | 73 | 70 | 3 | | |

Kommentar

I tillegg til nemde rom er det ein mindre kjellar med luke ned frå stova. Yttergang ved inngang var ikkje oppvarma under synfaringa.

Lovlighet

Byggetegninger og krav for rom til varig opphold

Det foreligger ikke tegninger

Kommentar:

Krav for rom til varig opphold

Er det påvist avvik i forhold til rømningsvei, dagslysflate eller takhøyde?

Ja Nei

Kommentar:

Bod

| Etasje | Bruksareal BRA m ² | | | | Sekundærareal (S-ROM) |
|------------|-------------------------------|----------|-----------|---------------------|-----------------------|
| | Totalt | P-ROM | S-ROM | Primærareal (P-ROM) | |
| Etasje | 11 | 0 | 11 | | Bod |
| Sum | 11 | 0 | 11 | | |

Kommentar

Uthus har redusert etg. høge, det opplyste arealet er golvareal.

Lovlighet

Byggetegninger og krav for rom til varig opphold

Det foreligger ikke tegninger

Kommentar:

Krav for rom til varig opphold

Er det påvist avvik i forhold til rømningsvei, dagslysflate eller takhøyde?

Ja Nei

Kommentar:

Befarings - og eiendomsopplysninger

Befaring

| Dato | Til stede | Rolle |
|-----------|---|---------------|
| 30.1.2023 | Aslak Randmo | Takstingeniør |
| | Advokatfirma Tollefsen AS v/Silje F. Heggstad | Rekvirent |
| | Anders Nekstad | Kunde |

Matrikkeldata

| Kommune | gnr. | bnr. | fnr. | snr. | Areal | Kilde | Eieforhold |
|-------------|------|------|------|------|----------------------|----------------------------|------------|
| 4644 LUSTER | 186 | 16 | | 0 | 297.9 m ² | BEREGNET AREAL (Ambita) | Eiet |

Adresse

Jostedalsvegen 1679

Hjemmelshaver

Nekstad Anders

Eiendomsopplysninger

Beliggenhet

Eigedommen ligg i eit typisk jordbruksområde med noko spreidd busetnad. Det er jordbruksareal like ved eigedommen som er i aktiv bruk. Eigedommen ligg like ved fylkesvegen.

Adkomstvei

Eigedommen har tilkomst frå fylkesvegen. Det er ein trang tilkomst som ikkje er eigna som tilkomst med bil. Det er opparbeida tilkomst via granneeigedommen. Det er ikkje oppretta avtale om bruken.

Tilknytning vann

Eiendommen har vannforsyning fra egen brønn på eiendommen eller i området. Eigar har ikkje kunnskap om kvar kjelda til vatnet er.

Tilknytning avløp

Eiendommen har avløp via septiktank, med overløp til grøft e.l. Eigar har ikkje inngåande kunnskap om korleis anlegget er utført.

Regulering

Kommuneplanid 2018006 seier boligbebyggelse.

Om tomten

Flat tomt opparbeida med noko hage/uteområde. Området var snødekt under synfaringa.

Tinglyste/andre forhold

Viser til grunnboka.

Siste hjemmelsovergang

| Kjøpesum | År |
|----------|------|
| 310 000 | 2021 |

Forsikring

| Selskap | Avtalenr | Type | Forsikringssum | Årlig premie |
|---------------|---------------|------|----------------|--------------|
| Ikkje opplyst | Ikkje opplyst | | | |

Kommentar

Ikkje framlagd dokumentasjon på forsikring. Ikkje framlagd dokumentasjon på forsikring.

Bygninger på eiendommen

Enebolig



Anvendelse

Byggeår

1894

Kommentar

Bygningen vart flytta til denne plassen i 1954 er det opplyst.

Standard

Bygningen er oppført med typisk standard frå oppføringstidspunkt. Skal ein oppnå dagens bustadstandard må ein pårekna omfattande arbeid med oppgradering og reparasjon.

Vedlikehold

Det er etterslep angående vedlikehold både ute og inne. Bygningen er vurdert som renoveringsobjekt.

Bygningsstruktur

Einebustad oppført med 1. etg. og loft. I tillegg er det ein mindre krypkjellar under del av 1. etg.

Utvendige forhold

Grunnmur i antatt naturstein med betongforblending. Grunnmur går utanfor vegglivet noko som kan medføre fuktinntrenging. Over fundament ligg det trebjelkelag. Hovedbygget er oppført av tømmerkasse med opplengjer og utv. værhud av måla trekledning. Dei fleste vindauge er skifta til to lags vindauge i beisa trekarm. Saltakkonstruksjon tekka med metallplater.

Innvendige forhold

På golv er det laminat eller belegg. Dels tynnpanel på vegg og dels måla plater. Plater og dels synlege bjelkar i himling. Det er reg. noko generelle setningar i grunn, ujamne golv. Bratt trapp til loft, ikkje rekkverk på trapp.



Ikkje rekkverk på trapp. Redusert høgde ved trapp.

Tekniske installasjoner

